



ØY
GARD
EN

- eit fyrtårn i vest

oygarden.kommune.no

VIL DU BLI LÆRLING I ØYGARDEN KOMMUNE?

Vi tilbyr lære plass i sju fag:

Barne- og ungdom |
Helsefag | Institusjonskokk |
Byggdrift | IKT-servicefaget |
Kontor- og administrasjon |
Brannførebyggjarfaget





VELKOMMEN TIL ØYGARDEN KOMMUNE

Øygarden kommune har i mange år gjeve tilbod om lærlingepllass. Vi kan gje læretilbod i sju ulike fag. Læreplassane blir utlyst i januar/februar kvart år. Søknadsfrist 1. mars. Stillingane blir annonseret på nettsida til kommunen, FINN.no og Vestnytt.

Ein lærling er både elev og arbeidstakar. Alle lærlingane får eigen instruktør på arbeidsplassen sin. I tillegg er det felles samlingar med ulike faglege tema.

VI KAN TILBY LÆRLINGJOBB I DESSE FAGA

- Barne- og ungdomsarbeidar
- Brannførebyggjarfaget
- Byggdrifterfaget
- Helsefagarbeidar
- IKT-servicefaget
- Institusjonskokk
- Kontor- og administrasjonsarbeidar

KONTOR- OG ADMINISTASJON

Oppgåvene er varierte, og ein er innom fleire avdelingar som; personal, økonomi og plan- og utbygging. Lærlingane arbeidar med postføring/journalføring, telefonsentral, kundekontakt, sortering av post m.v. Lærlingane får innblikk i personaloppgåver, økonomi, barnehagemynde, informasjon, politikk- og næringssenter.

Læretid

To års læretid i Øygarden kommune.

Kor kan du få arbeid?

- Kommunal og offentleg bedrift
- Privat bedrift

BRANNFØREBYGGJARFAGET

Brannførebyggjarane arbeider som regel i, eller nær knytt opp til brannvesenet. Sentrale arbeidsområde er: førebyggjande brannvern, tilsyn og kontroll av fyringsanlegg, informasjonsarbeid vedrørende fyringsteknikk og brannførebyggjande tiltak, feiling av skorsteinar, røykkanaalar og eldstader og avgrensing av skader etter brann.

Læretid

Læretida er tre års opplæring i bedrift, kor eit år er verdiskaping. Øygarden brann og redning KF,(kommunalt føretak), er opplæringsplass.

Kor kan du få arbeid?

Dei fleste brannførebyggjarar jobbar i kommunale brannvesen, men ein brannførebyggjar kan også drive privat verksemd.

INSTITUSJONSKOKK

Ein institusjonskokk er ein kokk som arbeidar på store institusjonar kor det er lagt opp til effektiv og hygienisk produksjon av store mengder mat. Slike institusjonar kan vere sjukehus, forsvaret, eldresentre, fengsel o.l. Institusjonskokken skal kunne laga mat som giv positive opplevingar, til friske og sjuke.

I helse- og omsorgssektoren er institusjonskokken ein viktig ressurs for å gje gode og næringsrike måltider. Institusjonskokken er med på å skape trivsel og hygge for sine kunder i en kvardag der maten ofte er det største høydepunktet i kvardagen. Den største utfordringen en institusjonskokk har er å lage ernæringsriktig og velsmakende mat til mange mennesker på en gang.

Læretid

To år på sjukeheim, kjøkkenet

Kor kan du få arbeid?

- Privat eller offentleg bedrift



BARNE- OG UNGDOMSARBEIDAR

Som barne- og ungdomsarbeidar skal du vere med å bidra til tilrettelegging og gjennomføring av pedagogisk tilbod for barn og unge i alderen 0-18 år. Du skal vere med å fremme fellesskapet og samhaldet i eit miljø prega av leik, utforsking og læring. Opplæringa skal leggje til rette for å kunne tilpasse det pedagogiske tilboden til ulike aldersgrupper, funksjonsnivå og livssituasjonar. Du skal vise til god kommunikasjon og samhandling i lag med barn, unge og føresette.

Læretid

Læretida kan variere i tid. Den er fordelt på barnehage, SFO, skule og ungdomsskule.

Kor kan du få arbeid?

- Barnehage
- Skule
- SFO
- Ungdomsskule
- Ungdomsklubb



IKT- SERVICEFAGET

IKT-lære i Øygarden kommune byr på utvikling frå første dag. Lærlingane er sentrale i drifta og har blitt varemerket vårt for god service. Du får raskt prøvd deg i helpdeskaktivitet som blir basen din for læring av mange slag. Er du interessert, kan du i løpet av læretida læra svært mykje om IKT-drift og service!

Læretid

To års læretid i Øygarden kommune.

Kor kan du få arbeid?

- Privat eller offentleg bedrift.

BYGGDRIFTARFAGET

Opplæringa i byggdrifterfaget skal bidra til å dekke behova for å oppnå trygge bygg for næring, oppvekst, omsorg og bustader som ivaretar folkehelsa. Hovudområdet handlar om drift, kontroll og ettersyn av bygningar, VVS-installasjoner, elkraftinstallasjoner, tele- og automateiseringinstallasjoner og anna innandørs og utandørs installasjoner.

Vidare handlar det om lopande og førebyggjande vedlikahald og enkle reparasjonar som ikkje krever anna spesiell fagkompetanse. Andre oppgåver er energiovervåking, energiøkonomisering, avfallshandtering, førebyggjande tiltak, dokumentasjon og dataverktøy.

Læretid

Læretida er tre års opplæring i bedrift, kor eit år er verdiskaping.

Kor kan du få arbeid?

- Privat eller offentleg bedrift.

HELSEFAGARBEIDAR

Som helsefagarbeidar utførar du omsorg, grunnleggjande sjukepleie og miljøarbeid for pasientar og brukarar av helse- og sosialtenesta. Du skal møte pasientar, brukarar og pårørande på ein profesjonell måte, og bidra til å fremme trivsel, fysisk og psykisk helse og ivareta brukarmedverking og pasientrettigheter. Opplæringa i lærefaget skal utvikle evna til å møte menneske med ulik kulturell bakgrunn i ulike livssituasjoner og med ulik evne og mogeleg for kommunikasjon.

Læretid

Læretida er til vanleg to år. Læretida kan vere på institusjon, praksis i heimetenesta, arbeid med psykisk utviklingshemma og praksis på sjukehus.

Kor kan du få arbeid?

- Heimetenesta
- Omsorgsbustader for psykisk utviklingshemma
- Sjukeheim
- Dementavdeling
- Trenings- og aktivitetssenter
- Dagsenter
- Verna bedrift
- Sjukehus





- eit fyrtårn i vest

KONTAKT OSS

Har du lyst til å bli lærling i Øygarden kommune?
Ta gjerne kontakt for nærmere opplysningar.

Koordinator for lærlingane i Øygarden

Nina Høiem

E-post: nina.hoием@oygarden.kommune.no

Telefon: 56 16 16 47 | 950 77 601



Øygarden kommune: tlf. 56 16 00 00

Postadresse: Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 Rong

Besøksadresse: Skogsleitet 18, 5382 Skogsvåg

E-post: postmottak@oygarden.kommune.no